

Eksamen

03.06.2020

DTE2002 Design og produktutvikling

Programområde: Design og tekstil

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, med unntak av ope Internett, samskriving, chat og andre høve for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Vedlegg 1: barnemodell 10 år
Vedlegg som skal leverast inn	Ingen
Informasjon om vurderinga	<p>Du viser kompetansen din i faget ut frå kompetansemåla i læreplanen ved å</p> <ul style="list-style-type: none">• presentere og bruke fagstoff og å grunngi synspunkta og løysingsforslaga dine• trekke inn ulike synspunkt og løysingar som er relevante for problemstillingane i oppgåva• gjere greie for resultata/konsekvensane av dei faglege vala dine• bruke eksempel der det er relevant• bruke fagterminologi, hjelpemiddel og vedlegg på ein formålstenleg måte

EKSAMENSOPPGÅVE

Du har fått i oppdrag å lage eit forslag til eit skjørt til ei turngruppe for 10 år gamle barn.

Fargane turngruppa bruker, er svart og raud. Dei ønsker å ha begge fargane på skjørtet.

Bruk teikneark i størrelse A4 til heile oppgåva.

Løys desse fire oppgåvene.

Oppgåve 1

- a) Bruk forskjellige teikneteknikkar og teikn skisser til tre forskjellige skjørt. Du skal ha med fargeforslag og dekor til alle skjørta.
- b) Vel éin av modellane og teikn ei moteteikning i fargar.

Oppgåve 2

- a) Teikn arbeidsteikning med analyse av skjørtet du valde i oppgåve 1 b). Bruk faguttrykk og -omgrep.
- b) Lag ei produksjonsrekkefølge for korleis du vil produsere skjørtet.

Oppgåve 3

Grunngi vala av dekor og teknikk. Bruk faguttrykk og -omgrep.

Oppgåve 4

Lag forslag til ein presentasjon av dei tre skjørta dine, som skal haldast for turngruppa. Presentasjonen skal innehalde produksjonsteknikk, materialval og pris.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal du alltid oppgi dem på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettsadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Vedlegg 1: barnemodell 10 år
Vedlegg som skal leveres inn	Ingen
Informasjon om vurderingen	<p>Du viser din kompetanse i faget ut fra kompetansemålene i læreplanen ved å</p> <ul style="list-style-type: none">• presentere og bruke fagstoff og å grunngi synspunktene og løsningsforslagene dine• trekke inn ulike synspunkter og løsninger som er relevante for problemstillingene i oppgaven• gjøre rede for resultatene/konsekvensene av de faglige valgene dine• bruke eksempler der det er relevant• bruke fagterminologi, hjelpemidler og vedlegg på en hensiktsmessig måte

EKSAMENSOPPGAVE

Du har fått i oppdrag å lage et forslag til et skjørt til en turngruppe for 10 år gamle barn.

Fargene turngruppa bruker, er svart og rød. De ønsker å ha begge fargene på skjørtet.

Bruk tegneark i størrelse A4 til hele oppgaven.

Løs følgende fire oppgaver.

Oppgave 1

- a) Bruk forskjellige tegneteknikker og tegn skisser til tre forskjellige skjørt. Du skal ha med fargeforslag og dekor til alle skjørtene.
- b) Velg én av modellene og tegn en motetegning i farger.

Oppgave 2

- a) Tegn arbeidstegning med analyse av skjørtet du valgte i oppgave 1 b). Bruk faguttrykk og -begrep.
- b) Lag en produksjonsrekkefølge for hvordan du vil produsere skjørtet.


Oppgave 3

Begrunn valgene av dekor og teknikk. Bruk faguttrykk og -begrep.

Oppgave 4

Lag forslag til en presentasjon av de tre skjørtene dine, som skal holdes for turngruppa. Presentasjonen skal inneholde produksjonsteknikk, materialvalg og pris.

VEDLEGG 1: BARNEMODELL 10 ÅR



Kjelde/kilde:

[/www.etsy.com/il-en/listing/590375294/girl-child-figure-vector-sketchfashion?ref=landingpage_similar_listing_top-2](https://www.etsy.com/il-en/listing/590375294/girl-child-figure-vector-sketchfashion?ref=landingpage_similar_listing_top-2)

Tom side



www.vigoiks.no/eksamen